

NotatDato: 02.07.2019
Arkivsak: 2018/771-47
Saksbehandlar: elsaaro1

Til:	Utval for opplæring og helse Utval for kultur, idrett og regionalutvikling Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Sluttrapport Nærmiljøprosjektet Hordaland 2015/16 -19

Samandrag

Hordaland fylkeskommune ved Regionalavdelinga har frå 2015/16 til 2019 vore prosjektansvarleg for Nærmiljøprosjektet. Eit samarbeidsprosjekt i Hordaland med fire kommunar, og med Høgskulen på Vestlandet (HVL) som ansvarleg for evaluering. Siktemålet har vore å utvikle arbeidsmetodikk for nærmiljøutvikling i eit folkehelseperspektiv gjennom å involvere befolkninga og sikre utvikling av nye arbeidsmåtar. Kommunane i fylket har utvikla gode døme på korleis bruke kunnskap frå befolkninga målretta inn i kommunal planlegging. Kommunane set med viktige erfaringar som kan kome andre kommunar i fylket til gode. Kompetansebygging i samarbeid med utdanningsinstitusjon har vore eit mål for satsinga. Fylkesrådmannen trekkjer fram samarbeidet mellom kommunane, Høgskulen på Vestlandet og Hordaland fylkeskommune som døme på korleis prosjektsamarbeid kan bidra til kunnskapsbygging i kommunane og i utdanningar.

Fylkesrådmannen si vurdering er at gjennom Nærmiljøprosjektet er det utvikla nye samarbeidsrelasjonar mellom kommunane, fylkeskommunen og HVL, og mellom dei andre aktørane. Kommunane har gjennom prosjektåra bidrege med viktig kunnskap og erfaringar som har blitt lagt merke til av nasjonale mynde, andre fylke og andre kommunar. Det er utarbeidd sluttrapport til Helsedirektoratet i april 2019 som syner god samla måloppnåing. Høgskulen i Volda som evaluerer den nasjonale satsinga slår fast at fylkeskommunen sin rolle som regional utviklingsaktør har vore sentral for dei gode resultatane i Nærmiljøprosjektet.

Kva er nærmiljøprosjektet?

Nærmiljøprosjektet er eit kartlegging- og utviklingsprogram leia av Helsedirektoratet med hovudmål å utvikle gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse, med åtte involverte fylke og førti kommunar. Eit mål med satsinga er å få fram lokal kunnskap etter folkehelselova § 5.c (kvalitativ kunnskap) om faktorar som fremmar eller hemmar helse og trivsel. Dette for å styrke den kommunale planlegginga. Satsinga var tiltak i folkehelsemeldingar, med tilskotsmidlar løyvd over statsbudsjettet. Statlege samarbeidspartar har vore Helsedirektoratet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Miljødirektoratet, Husbanken og Statens vegvesen. Arbeidet i fylka/kommunane er evaluert både regionalt og nasjonalt.

Dei nasjonale måla

1. Betre kvalitative oversikter på folkehelseområdet som grunnlag for kommunale planprosessar og

- avgjerder.
2. Betre kunnskap om korleis folk har det og kva som bidreg til livskvalitet og trivsel.
 3. Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar.
 4. Legge grunnlag for å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordningar lokalt og regionalt.
 5. Kompetansebygging i samarbeid med utdanningsinstitusjonar.

Samarbeidet i Hordaland

I vårt fylke blei kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord etter søknad teke opp i prosjektet i 2015. Involvert i programutviklinga har vore deltakarar frå frivillig sektor, frå skular og barnehagar, lokalsamfunn, grendeutval, fylkeskommunalt- og kommunalt tilsette i ulike etatar og ikkje minst engasjerte prosjektgrupper i kommunane. HVL har involvert både studentar og tilsette frå fleire avdelingar.

Hordaland fylkeskommune sin rolle som prosjektleiar

Fylkeskommunen har forvalta prosjektmidlane, vore støttespelar for kommunane, lagt til rette for nettverk, koordinert samarbeidet med FoU-miljø, koordinert rapporteringa og vore bindeledd til nasjonale mynde.

Kommunane sin rolle som prosjektutviklar

Kommunane har utvikla prosjektplan og etablert prosjektorganisasjon. Kommunane har prøvd ut og utvikla metodar for medverknad frå befolkninga relevante for eigen kommune gjennom ulike mobiliserande prosessar. Kunnskapen frå arbeidet vert nytta i planprosessar og i andre kommunale avgjerdsprosessar.

Høgskulen på Vestlandet sin rolle som følgje-med miljø

Høgskulen har følgd prosjektet på regionalt nivå og i kommunane, utarbeidd evalueringsrapport, og bidrege som dialogpart til gjennomføring av måloppnåinga. Høgskulen har formidla frå prosjektet både nasjonalt og internasjonalt. I tillegg sikra kompetansebygging og integrering av nærmiljø og folkehelse i utdanningar.

Arbeidsstrategiane i Hordaland

Felles arbeidsstrategiar har vore ei rettesnor for arbeidet i fylket. Evalueringa frå HVL tek opp at Hordaland fylkeskommune har lagt til rette for eit samarbeid prega av gode dialogar og likeverd mellom partane.

Strategiar	Korleis
Bygge opp under deltakarkommunane som premissleverandørar for utviklingsarbeidet i eiga kommune.	Prosjektutvikling i kommunane utifrå lokale behov. Lokal prosjektstyring og Samarbeidsavtaler.
Lage gode samarbeidsfora og arenaer for utvikling med deltakande kommunar og i samarbeid med regionalt høgskulemiljø.	Felles utviklingsmøter/prosjektleiarmøter mellom fylkeskommunen, kommunane og evalueringstilsette – dialogbasert. Høgskulen på Vestlandet tett på arbeidet. Felles prosjektsamlingar 2 gr. årleg.
Dele erfaringar og bidra til kunnskapsbygging primært i deltakarkommunane, men også i andre kommunar i fylket og ut mot andre relevante samarbeidspartar.	Kunnskapsdeling mellom kommunane. Felles kompetansebygging i prosjekt. Spreie erfaringar: formidlingsplan, innlegg på samlingar og konferansar. Studentinvolvering. Rapportering og evaluering.
Arbeide på tvers av sektorane i fylkeskommunen og kommunane.	Breie prosjektgrupper på tvers av dei sektorar. Formidling.

Prosjekta til kommunane

Innsatsområder

Kommunane har utvikla prosjektskildringar med utviklingsmål, og innretta prosjekta etter lokale behov innanfor dei overordna måla og rammene. Kommunane valde ulike problemstillingar. Innsatsen har også fleire felles møtepunkt som t.d. involvering av skular og barnehagar og samarbeid med frivillig sektor.

Prosjekttitlane er:

Askøy: Medverknad for mobbefritt oppvekstmiljø – nærmiljø som fremmer folkehelse.

Bømlo: Helsefremjande nærmiljø Bømlo kommune.

Fjell: Kartlegging av skuleveggar og snarveggar i Fjell kommune.

Stord: Brei innbyggjarmedverknad i kommunal planlegging.

Meir om dei kommunale prosjekta - sjå vedlegg 1

Medverknadsarbeidet i kommunane

Kommunane har prøvd ut mange etablerte medverknadsmetodar, og det er også fleire døme på at kommunane har utvikla eigne metodar. Det er nytta konvensjonelle intervjuemetodar som spørjeskjema med opne spørsmål eller svarkategoriar, fokusgruppeintervju, til ABCD og anerkjennande intervju, samt kunstnarlege uttrykksformer og fotostemme, i tillegg til kartplotting med ulike hjelpemiddel. Samla har kommunane nytta over 30 store og små metodar/verktøy. Nokre nyskapande arbeid er omtala i evalueringsrapporten 2019 frå Høgskulen på Vestlandet (vedlegg 3). Fleire blir lagt inn i nasjonal dømebank som er underutvikling i www.idebanken.org.

Kompetansebygging i Hordaland

Formidlingsarbeid

Kommunane har formidla frå prosjektet på mange ulike kanalar som: film om medverknad, face-book film, film, utstillingar i nærmiljø, skular og bibliotek, bruk av youtubekanal for å formidle elevane sine stemmer (fotostory), videointervju, reportasjar og oppslag i lokalaviser, presentasjonar og møter, prosjektrapportar, sluttrapportar, delrapportar, innspelsrapportar til ulike kommuneplanar og delplanar, brev til ulike samarbeidspartar for å formilde innspela, formidling til administrativt og politisk nivå frå innbyggjarar direkte.

Bygging av brei lokal kompetanse og profilering av Hordaland

Evalueringsrapporten frå Høgskulen viser til at Hordaland fylkeskommune har hatt ei styrkebasert tilnærming i si leiing av prosjektet og tilrettelagt for kompetanseheving, i tett dialog med HVL og deltakarkommunane. Systematisk bygging av kompetanse bidreg til at fleire får betre og breiare kunnskap på koplinga mellom folkehelse og planprosessar. Samarbeidet internt i kommunane aukar ved at fleire tenester og sektorar blir kjende med kvarandre sine arbeidsfelt.

Tett samarbeid med regional utdanningsinstitusjon har bidrege til betre prosjekt i kommunane. Kommunane har teke i mot studentar gjennom ekskursjonar, undersøkingar og tilrettelegging for bachelor- og masteroppgåver. Gjennom nærmiljøprosjektet er det utarbeidd 9 masteroppgåver. HFK er ikkje kjend med at andre fylke i like stor grad har fått fram så mange slike oppgåver gjennom prosjektet.

Det er satsa på å profilere kommunane og fylket gjennom innlegg på konferansar regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Det å vere del av «noko større» er drivkraft for det lokale arbeidet og bidreg til å «framsnakke» arbeidet i fylket. Det er registrert over 20 ulike presentasjonar på konferansar. I tillegg kjem formidling frå HVL nasjonalt og internasjonalt. Kommunane og fylkeskommunen har undervist på Høgskulen. Erfaringar frå prosjektet er formidla i ulike nettverk. Det har vore besøk frå andre fylke og kommunar til fleire av prosjektkommunane.

Oversikt over prosjekt presentasjonar

Plankonferansen 2016 - Planlegging for god folkehelse Bergen 25. – 26. oktober

Kva er viktig for deg? Folkeleg perspektiv i planlegginga Stord kommune

Trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland Bergen 23.11 2016	Registrering av stiar og gangveggar ved Bjorøy skule og Fjell kommune
Helsedirektoratet Rådgjevarsamling folkehelse i Bergen, 14.og 15.nov 2016	Plenumspresentasjon – Stord kommune
Erfaringsdeling – folkehelsenettverket i Hordaland 09.12.16	Prosjekt kommunane nærmiljøprosjektet
Trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland Bergen 2017	Folkehelse og trafikksikring Bømlo kommune
Læringsnettverk Hordaland 16.01.2018	Frå kunnskap til planar til <i>tiltak/handling</i> gjennom «medverknad for mobbefritt oppvekstmiljø – og nærmiljø som fremjer folkehelse». Askøy kommune
Lokale geomatikk dagar 2018 Bergen 5.-6.feb 2018	Erfaringar med GIS i nærmiljø og folkehelseprosjekt. Fjell kommune.
Sluttkonferanse nærmiljøprosjektet Bergen 26.04.19	Fotostemme som medverknadsmetode – korleis fekk vi fram barn og unge sine perspektiv i Hetlevik? Askøy kommune.
Sluttkonferanse nærmiljøprosjektet Bergen 26.04.19	Korleis har bruk av barn og unge sin kunnskap i planlegging ført til meir treffsikre planar? Fjell kommune
Sluttkonferanse nærmiljøprosjektet Bergen 26.04.19	Breiare medverknad gir betre planar. Erfaringar med å få fram fleire stemmer i Kommuneplanarbeidet. Stord kommune
Sluttkonferanse nærmiljøprosjektet Bergen 26.04.19	Auka lokal mobilisering og breiare kunnskapsgrunnlag i kommuneplanlegginga etter samskaping mellom grendautval og kommune. Bømlo kommune
Norsk folkehelsekonferanse Oslo okt. 2017	Kva er nærmiljøprosjektet? Innleiing og møteleiing Hordaland fylkeskommune
Norsk folkehelsekonferanse Oslo okt. 2017	Brei innbyggjarmedverknad i kommunal planlegging, Stord kommune
Norsk folkehelsekonferanse Oslo okt. 2017	Bruk av ABCD i folkehelsearbeidet. Erfaringar med tilpassing til tre bygder på Bømlo
Møre og Romsdal fylkeskommune 29.08.18	Erfaringar frå nærmiljøprosjektet i Stord kommune – Korleis tar vi med kunnskapen inn i planar og avgjerder. Stord kommune
Nærmiljøkonferansen i Stavanger 2018	Hetlevik et godt sted å vokse opp. Skole og barnehage som arena for medvirkning – bruk av fotostemme i mobilisering av voksne for barn, v/ Askøy kommune
Nærmiljøkonferansen i Stavanger 2018	Fra app til kunnskap ved bruk av trafikkagenten, v/ Fjell kommune
Nærmiljøkonferansen i Stavanger 2018	Lokal mobilisering gjennom etablering av nye samarbeidsmodellar mellom kommune og grendautval, v/ Bømlo kommune
Sluttkonferanse Østfold 04. 04. 2019	Erfaringar frå Bømlo i bruk av ABCD i folkehelsearbeidet Bømlo kommune

Økonomi

Prosjektet er tildelt kr 5 950 000,- i tilskot frå Helsedirektoratet. Kommunane har fått utbetalt kr. 350 000,- årleg pr. kommune= totalt kr 4 200 000.- Største delen av midlane er nytta til frikjøp av prosjektleiar. Øvrige midlar har vore nytta til gode for kommunane - til reiser, arrangement og kompetanse, konsulenttenester, trykking og publikasjonar med meir.

Det var krav om eigenfinansiering. Kommunane har bidrege med eigenfinansiering med rundt kr. 2 527 000.- HFK har eigenfinansiert prosjektleiar.

Samla tilskot frå Hdir	Eigenfinansiering kommunar	Eigenfinansiering HFK	Bidrag frå frivillig sektor	Total kostnad
5 950 000	2 526 861 ¹	1 300 000	kr 463 256 ²	Kr 10 240 117 ³

1 Stipulerte tal frå kommunane.

2 Utrekninga av timepris for frivillig arbeid er basert på gjennomsnittleg timepris i industrien i 2015. Denne utrekninga er vanleg å bruke, og er t.d. referert til i "Organisasjonshandboka - Frivillighet Norge".

3 ressursar frå høgskulen utover tilskotsmidlar frå Hordaland fylkeskommune er ikkje med i oversikta.

Oppsummering

Slutt/hovudrapporten frå prosjektet viser korleis kommunane systematisk har arbeidd for å få god måloppnåing, og at denne type utviklingsarbeid er utfordrande og krevjande. Høgskulen peikar på at *«Samskapinga mellom ulike partnarar i prosjektet, og utvikling av modellar for samskaping i kommunane, har gitt reiskapar for medverknad som i tillegg byggjer kapasitet og er egna til å styrke lokaldemokrati og trivsel. Her har prosjektet oppnådd gevinstar som går ut over dei opprinnelege måla»*. HVL trekkjer vidare fram at samarbeidet mellom partnerane har lagt grunnlag for utviklingsarbeid som held fram, nedanfrå- og opp, der lokale innbyggjarar bidrar til samskaping og auka bærekraft.

Fylkesrådmannen vil også nemne at arbeidet i Hordaland har lagt til grunn faktorar som Høgskulen i Volda/Helsedirektoratet vurderer er viktige suksessfaktorar.

- Fylkeskommunen har ei viktig rolle som organisator, kunnskapsformidlar og tilretteleggar,
- Regionale høgskular og universitet som følge-med miljø og kompetansestøtte – «tett på» kommunane.
- God forankring og organisering av prosessar i kommunane.
- Systematisk kompetansebygging regionalt og lokalt.
- Regelmessige oppfølgingsmøter, seminar, konferansar nasjonalt og regionalt, for å lære av kvarandre og formidle utfordringar som dukkar opp undervegs i dei lokale prosjekta.